




# HELsing FRÅ KYRKJA



KYRKJELYDSBLAD FOR VIK



**Gullkonfirmantar  
i Vik 8.juni 2014**



ÅRGANG 67



NR. 02 JULI. 2014



*god sommar*

# GUD SER

**Då sette ho dette namnet på Herren som tala til henne: «Du er ein gud som ser meg.» For ho sa: «Har eg her verkeleg sett han som ser meg?» 1 Mos 16,13**

**Andre ser deg.** Du er ikkje åleine. Nokon veit korleis du har det. Dei tek kontakt. Slikt er godt å oppleva. I gode dagar tenkjer me gjerne ikkje over kor viktig det er at andre ser. I vanskelege dagar derimot forstår me kva omsorg er.

**Livet fører oss** inn i tider då me er meir eller mindre usynlege. Å vera sosialt parkert er vondt. Grunnane kan vera mange. Stundom er det heilt utan eigen kontroll. Andre tider kan det vera eigne val som spelar inn. Når nokon ser deg i ei slik livsfase, ja, då er det rett og slett livgjevande.

**I andaktsordet** vårt er det ei kvinne som heiter Hagar som opplever å bli sett av Herren. Les om hennar situasjon i 1 Mosebok kapittel 16. Ho hadde rømt frå mobbing og familieproblem. Ho hadde det ikkje greitt. Ho var einsam og gravid. Så opplever ho at Herren ser henne. Det vart hennar redning. Herrens utsending kom – ein engel. Gud brukar både andre menneske og englar for å hjelpa oss. Og han brukar sitt ord i Bibelen.

**Det er ferietid** og den ljose, glade sommar. Mellom oss går fleire «rømde», einsame og redde. Gjerne er dei fleire enn me trur. Det kan vera du eller eg. Før eller seinare kan det skje.

**Gud leia** Hagar attende i familiesamanhengen. Det vart ei ordning.

Det vart hennar val og familien sitt val. Og så var det Guds vilje. Den er god. Gud ser. Han ser meg. Og han ser dei andre.

**Denne hendinga** fortald i 1 Mosebok er i vår kyrkje plassert saman med ei av Jesu kjende likningsforteljingar.

Vi kan lesa den i Lukasevangeliet kapittel 15. Den er i 3 akter og handlar om, sauene, mynten, dei 2 sønene og den ventande, kjærlege Far. Gud ser, speidar og tek imot. Slik er Han. Eitt av dei største avsnitta i heile Bibelen, spør du meg. I sommar kan du høyra utdrag av desse avsnitta lesne og preika over i kyrkjer søndag 27.juli.

**Velkomne til kyrkje** då og elles i sommar!



## FIN SONGGUDSTENESTE I FRESVIK PÅSKEDAG

På ettermiddag påskedag var det lagt opp til songgudsteneste i Fresvik. Siri Bøtun, song «Come Sunday, I surrender all» og ein negro spiritual. Frelsesarmeen deltok med frisk og innhaldsrik song. Det var sjeldan god song i kyrkja også denne dagen, då påsketonane ljoma: «Deg være ære, Herre over dødens makt!»

AS



# INTERVJU MED DIAKON KJERSTI BRUDVIK

Intervju ved Jostein Skutlaberg

Kyrkjekontoret i Vik har fleire medarbeidarar. I dag sit me på diakonen sitt kontor. Her møter me Kjersti Brudvik. Ho planlegg dagane framover, og er på farten ut til avtala gjeremål. Me kjenner til at ho snart går av med AFP. Ho vert pensjonist. Og me i «Helsing frå kyrkja» har bede om eit intervju med henne i denne samanhengen.

## **Kor lenge har du vore diakon i Vik og Balestrand, Kjersti?**

Eg byrja 1.februar i 2008. Då overtok eg etter Gerd Landro. Eg er den fjerde diakonen i Vik ( + ein diakoniarbeider under vakanse ), så stillinga er innarbeidd her. Og folk i bygdene veit kva ein diakon er og gjer.

## **Du tok til som diakon i godt vaksen alder. Kva har du arbeidd med før du vart diakon?**

Eg har 3-årig lærarskule frå Volda pedagogiske Høgskule. Seinare tok eg Lokalhistorie i Sogndal. Etter utdanninga overtok mannen min og eg farsgarden min i Vetlefjorden. Me hadde sauer, dyrka jordbær og dreiv med turisme. Dette var òg med å danna erfaringar når det gjeld å møta menneske. Samstundes arbeidde eg som lærar. Etter ti år som bønder selde me garden og flytta til Balestrand. Det meste av arbeidstida mi har eg vore lærar.

## **Så bytte du ut klasserommet og skulen til fordel for diakonien. Korleis gjekk det til?**

I 1995 begynte eg som barne- og foreiningssekretær i Santalmisjonen i Sogn og Fjordane. Eg reiste rundt og vitja foreiningar både for born og vaksne i heile fylket. Eg hadde trong for å bytte beite, og hadde eit lærerik og kjekt år før eg begynte som diakon i Høyanger. Det vart oppretta

ei ny stilling som «industri diakon» i 1996 i Høyanger med halv stilling innanfor Hydro-verksemdene og den andre halve stillinga i kyrkjelydane i Lavik prestegjeld. Eg vart tilsett i denne stillinga med atterhald om å ta diakonutdanning. Eg begynte med deltidsutdanning ved Det norske Diakonhjem i Oslo – no Diakonhjemmets Høyskole. Me var to frå Sogn som tok til på denne utdanninga - Rita Kalstad frå Luster og eg. Praksisdelen av utdanninga hadde eg delvis i Spjelkavik kyrkjelyd hjå diakon Tore Øvstebø, og delvis i Høyanger. I Spjelkavik var det praksis med «sorggrupper», «klubb for utviklingshemma» mm. I Høyanger danna eg ei gruppe for vaksne born av alkoholikarar. Eg hadde fått kontakt med nokre som hadde vakse opp med mor eller far eller begge som misbrukte alkohol. Det vart som ei sorggruppe. Det var nyttig for dei å møtast og snakke om felles opplevingar.

## **Kor lenge var du i Høyanger?**

Eg var der frå 1996 – 1999. Diakonstillinga var nyoppretta og eg måtte gå opp nye «spor». Det var samtaleteneste på Metallverket.. Eg gjekk rundt på avdelingane og prata med folk og var med på avdelings – eller skiftmøte og fortalde om diakoni og kva diakonen kunne brukast til. I kyrkjelyden deltok eg i andaktsturnus med presstane på institusjonane i Høyanger og Kyrkjebø. Det var både interessant og krevjande. Etter 3 år vart det til at eg byrja som lærar igjen i Balestrand.

## **Så har du hatt teneste i vel 6 år i Vik. Kva har diakonarbeidet gått ut på her?**

Eg har hatt regelmessige andakter på Vik Bygde og Sjukeheim og på Bygdeheimen i Fresvik. Her har eg også hatt besøksteneste. Og det har vore ei

meningsfull oppgåve. Eg har òg fått følgje menneske på den siste reisa mot døden. Det er både fint og ekte å vere nær menneske i ei slik situasjon. «Kyrkjeringen» starta eg oppatt etter at den hadde lege nede sidan Gerd Landro slutta. Dette er ei sosial samling for kvinner – mange enkjer. Her er det kaffi/ vaflar/ kaker og utlodding. Eg er glad for at tre frivillige vil driva dette arbeidet vidare når eg sluttar til sommaren.

Så har eg etter avtale med prost og prest hatt ein del gravferder. Stundom har presten og eg vore saman om gravferdene, men eg har og sjølv forretta fleire.

Kvart år har eg vore med og arrangert «Vårtreff» i Arnafjord og på Vangsnes i lag med sokneråda. I dei siste åra har me samlast på Vangsnes frå begge bygdene. Dette er sosiale samlingar med mykje song og musikk, mat og andakt. Eg har og delteke på misjonsforeining i Feios. Eg har undervist konfirmantar om diakoni og internasjonal diakoni, Fasteaksjonen. Har også vore med på helgeturar med 11-åringane – «mini-konfirmantane». Eg har også vore rundt på vitjing i heimane til gamle som vanskeleg kjem seg til kyrkje. Då har eg av og til hatt nattverd i heimen, såkalla soknebod. Sjelesorg for menneske i sorg eller ulike kriser gjennom samtale andlet til andlet eller gjennom telefonsamtale, SMS eller skjulte meldingar på facebook, har òg vore med og fylt arbeidsdagane. Samlingar på kyrkjestova med utviklingshemma høyrer også med til diakontenesta. Då har vi ei enkel og tilpassa gudsteneste på Kyrkjestova med sosial samling etterpå. Eg har og fått vere med å arrangere seminar med prestane Steinar Ekvik og Per Anders Nordengen i lag med psykiatrien og kreftomsorga. Det har vore eit godt samarbeid, og oppslutninga har vore god om seminara. Å vere nær



menneske i sorg og krise kan vere både gjevande og krevjande. Å få delta i arbeidsretteiing er difor nyttig og naudsynt. Eg har fått delta i to grupper i arbeidsretteiing. Det er grupper som går over to år.

### **Korleis vil du kort summera opp tenesta som diakon?**

Det er ei fin og meiningsfylt teneste. Ingen dagar er like. Diakoni er evangeliet i handling. Det er å forkynne Guds kjærleik med gjerningar, «om naudsynt med ord», som Franz av Assisi sa. Det handlar mykje om å vera medmenneske og å møte menneske der dei er. Det er ofte å lytta og late menneske fortelje si soge og å oppmuntre.

Nokre gonger kan eg tilby forbøn anten der og då eller generelt. Diakontenesta er ei teneste som førgår mykje i det stille og kan vere usynleg samanlikna med prestetenesta som har gudstenester med dåp, vigse og gravferder t.d. Likevel kan diakontenesta vere ein skilnad for menneske, og eg er sterkt uroa over at stillinga ikkje skal lysast ut att når eg sluttar. Då eg vart spurd om å søke AFP for å få ned lønsutgiftene for Fellesrådet, var det for meg absurd sidan stillinga er løna 50% frå Bjørgvin Bispedømme.

Etterkvart kom eg til eit val om pensjonering, sjølv om eg kjem til å sakne menneska i Vik kommune og tenesta eg har hatt. Det eg vil sakne minst, er reisetida, sjølv om ferjemannskapet er utruleg hyggelige og hjelpsame. Tilbodet frå Balstrand sokn om å halde fram der i den 20% stillinga eg har hatt der, tok eg difor imot me glede.

**PENSJONIST EG?** Mannen min, Tore, har vore pensjonist i eit år, og seier det er eit godt liv. Vi har fire barneborn, og dei to døtrene våre

som har travle liv, har tilbydd meg «heimeteneste» inn i mellom. Eg har mange interesser både med song og andre syslar, og vonar at målarkur-sa startar oppatt til hausten. Eg har hatt ei sterk og spanande tid i Vik og er glad for dei eg har fått vorte kjende med.

Takk for meg!

## Kjærleikens tre

*Kjærleikens tre  
Diakonien i kyrkja er rotfest i Gud.  
Kjærleiken hans er  
livssevja som gjev  
dagleg kraft og styrke.*

Diakoni er ei frukt av trua og kjærleiken som syner seg i:

- omsorg og nærleik
- felleskap og tilhøyrse
- respekt og solidaritet
- varme medmenneske som gjev omsorg og kjærleik vidare

Det er mange som treng omsorg i dag:

- einsame hungrar etter levande omsorgsfellesskap
- skapningen tørstar etter ein rein natur
- dei framande lengtar etter gjestfridom
- vernelause foster og born saknar livd, varme og gode oppvekstvilkår
- sjuke og sørgjande saknar livd, varme og gode oppvekstvilkår
- sjuke og sørgjande søker lindring og trøyst
- menneske som er fanga i materialisme og forbrukarkultur ropar etter fridom og sanne verdier.



## VÅRFEST PÅ VANGSNES SKULE

Soknerådet og diakoniutvalet skipa til kyrkjelydsfest på Vangsnes 9.april 2014 kl 18.00. Folk frå Arnafjord var og inviterte, og det kom nokre derifrå. Vi har hatt to festar på Vangsnes før om åra, så no er det vorte ein tradisjon. Soknerådet hadde som alltid pynta fint til fest. Dei hadde laga herlege smørbrød, og kakene var heller ikkje noko å utsetje på. Tvert imot det var dekka til fest, og folk strøymde til. Vi song vårsongar.

Ivar Brekke hadde teke

med fela og Ole Jørgen akkompagnerte på gitar. Dei fekk stor applaus, og dei spela verkeleg vakkert.

Frelsesarmeen var invitert etter ønskje frå soknerådet og folk flest. Dei møtte mann-jamt opp og song, mange fine songar og hadde nokre vitnemål. Stemninga var god og praten gjekk. Det var nesten fælt å avbryte for kvar programpost, for folk kosa seg og prata med naboar og vener. Diakonen heldt andakt og oppmoda soknerådet til å halde

fram med å skipe til vårfest.

Det kom inn over kr. 3000 i kollekt, som går til å dekke utgiftene til mat og husleige. Takk til soknerådet som stelte så fint i stand, og til alle som gjorde sitt til at det vart ei kjekk samling. Takk til Frelsesarmeen som stilte med 14-15 som song og spela ein onsdagskveld i veka før påske.



# KONFIRMASJON 2014

## VANGSNES

4.MAI

Framme  
frå venstre:  
Marita Holen,  
Marie  
Øygarden,  
Emilie Halset,  
Torgeir  
Heimdal Aase

Bak frå  
venstre:  
Sokneprest  
Skutlaberg,  
Andreas Før-  
risdahl Fosse,  
Ivar Vassli  
Brekke,  
Joakim  
Blomseth  
Skjerven.



## ARNAFJORD

11.MAI

Ola Halset

## FRESVIK

4.MAI

Rita  
Rungnåpa  
Bøthun  
og sokneprest  
Skutlaberg



## FEIOS

11.MAI

Andreas  
Fretheim  
Borlaug  
og sokneprest  
Systad





I Vik overraska foreldra til Lillian henne ; hesten hennar møtte opp ved kyrkjeporten og førde henne til selskapet.



I Arnafjord var det konfirmanten sjølv som slo til med eit »stunt « ; han tok gudmora Siril Elisabeth i fanget, slik ho bar han for om lag 15 år sidan.



## VIK KYRKJE

### 25.MAI

Framme frå venstre:  
Asbjørn Grov,  
Eirik Markus Rinde,  
sokneprest Skutlaberg,  
Ragnar Finden,  
Sondre Bertin Skjerven.

Andre rekkje frå v.:  
Alicja Julia Pankowiecka,  
Oda Moe Sæbø, Trude Tryti

Tredje rekke frå v.:  
Anna Engan Aamodt,  
Sandra Holen Årevik,  
Margunn Helleland,  
Kristine Hammersland Hønsi.

Bakerst frå v.:  
Reidun Daltveit,  
Lillian Nummedal Bryn, Eli Yun Årestrup,  
Hanne Turvoll.

# PÅSKEFEST I VIK FENGSEL

Tradisjonen tru skipa diakoniutvalet til påskefest i fengselet skjærtorsdag. Kari, Borgny, Inger Anne og Marit hadde baka nydelege kaker, og koka kaffi og laga til kosestund for dei innsette.

Ein innsett spela trombone i lag med Inger Marit på piano. Vi song : No livnar det i lundar før diakonen heldt andakt. Vi song «Jeg har en venn som har gitt sitt liv for at jeg skal få leve. Det finnes intet alternativ. Det nytter ikke å streve, fordi jeg lever så milevidt ifra Guds vilje med livet mitt. Fikk jeg dommen slik lød den. Du skal dømmes til døden”.

Denne dommen er absolutt, og jeg kan ikke anke. Men når jeg innser at alt er slutt, har Gud en frelsende tanke: Til jorden sender Han Jesus som tar på seg både min skyld og dom, og når han drepes uskyldig, blir min dødsdom ugyldig.

Etter kaffi og kaker leika vi «Henteleiken», og Olav Martin hadde laga ein quis som engasjerte.

Det er alltid kjekt å sjå og høyre at det vi gjer for dei insette gjer ein skilnad i ein elles stille og roleg påske der dei vanlege aktivitetane er innstilte.

## Herrens bøn for klimaendringane Frå Bangladesh

Vår Far, du som er i himmelen.  
Du som er Herre over atmosfæren vår,  
jorda og klimaet.  
Vakkert er det heilage namnet ditt.  
Hjelp oss til å spreie riket ditt av like rettar,  
bevaring av skaparverket ditt  
og rettferd for dei fattige her på jorda,  
slik desse verdiane finst hos deg  
i himmelen.

Gje oss i dag vårt daglege brød:  
Husly, mat og daglege behov, spesielt no  
når dei er truga av klimaendringane.  
Forlat oss vår skuld,  
at vi slepp ut drivhusgassar  
til egoistisk forbruk,  
og hjelp oss å tilgje dei som skader oss  
med livsstilen sin,  
når dei er skuld i kraftige syklonar,  
flaumar, tørke og havstigning.

Lat oss ikkje freistast  
til å kjøpe det som vi ikkje treng,  
reise korte avstandar med bil  
eller ta unødvendige flyturar,  
men fri oss frå å bli sjølvtilfredse.  
Legg oss på minne at du er allmektig,  
og kan utruste oss til å gjera ein skilnad,  
til å hjelpa folk og samfunn  
til å endre livsstilen sin  
i ei tid truga av klimaendringane,  
og til å redusere den negative  
påverknaden vår på verda  
gjennom handlingar  
som reduserer utsleppa av CO2.  
For riket er ditt, makta og æra i all æva,  
Amen.

(Skrive av James Pender, rådgjevar innan utvikling og naturressursar, Church of Bangladesh. Skrive for Kirkens Nødhjelp, hausten 2008.)



## DUGNAD PÅ FEIOS KYRKJEGARD

Den årlege dugnaden på Feios kyrkjegard vart halden 8. mai kl 18.00. Det var strålende ver og heile 26 møtte fram til innsats.

Det vart måla, grasa, beskjert roser, fiksa skeive gravstøtter, fjerna busker som var øydelagde m.m. Terje og Knut stilte med traktorar, ein stor og ein liten, ellers so var spader, river og trillebårer i full sving. Soknerådet serverte kaffi og kaker på kyrkjemuren som ei koselig avslutning på samværet.

Kjempekjekt at så mange møter.

*For Feios sokneråd: Gyda*



## Meldingar:

### **FERIEPLAN SOMMAREN 2014**

- Kyrkjelydssekr. Hopperstad  
09.juni – 29.juni
- Kyrkjevevje Vangsnes  
30.juni – 27.juli
- Diakon Brudvik  
30.juni – sluttar i stillinga 01.08.
- Sokneprest Systad  
16.juni- 13.juli
- Sokneprest Skutlaberg  
21.juli – 17.aug.
- Organist Bakketeig  
16.juni -6.juli og 11.aug -24.aug.
- Organist Hove  
07.juli -3.aug.
- Kyrkjelydspedagog Netland  
07.juli – 3.aug. Avsp. til 10.aug.  
Vik kyrkjekontor er til vanleg  
ope tysdag – fredag kl.10 – 15.

Sidan det til tider er lite folk ved kyrkjekontoret i sommar, og det kan vere vanskeleg å få tak i oss, ber vi deg ta kontakt med tenestetorget på Vik kommune for evt. formidling kontakt/beskjed.

### **MEDARBEIDARFEST I KYRKJA.**

Vi på kyrkjekontoret ynskjer å skipe til ein medarbeidarfest i byrjinga av september på Kyrkjestova. Arrangementet er for rådsmedlemmer, utvals- og styremedlemmer, leiarar i ulike lag og andre medarbeidarar i dei fem sokna i kyrkja vår.

Prostidiakon Kjersti Brudvik hadde si avskjedsgudsteneste i Vik kyrkje 8.juni.

Sidan ho sluttar midt på sommaren, og det kan vere vanskeleg å samle folk, vil vi invitere ho over fjorden igjen denne kvelden og takke ho for det ho har gjort i diakontenesta i Vik.

### **Nytt avfallssystem fungerer godt!**

På alle gravplassane/ kyrkjegardane i kommunen er det no ein eller fleire kompostbingar for planteavfall og bosdunkar for restavfall. Brukarane er stort sett veldig flinke til å sortere avfallet sitt og denne nye ordninga fungerer difor veldig godt! Det er no så godt som ikkje planteavfall i restavfallsdunken og det er sjeldan vi under tøming finn plast i komposten. Med det har vi difor redusert abonnementet på restavfallsdunkar til eit minimum og dei brune dunkane for organisk avfall er heilt kutta vekk.

Kompostbingane blir tømde etter behov. Dette er ikkje berre ei vesentleg økonomisk innsparing, det er også eit miljøvenleg tiltak då vi får eit meir riktig sortert avfall utan innblanding av plast i planteavfallet. For å bli enno betre ynskjer vi no fast stad for forsvarleg tøming av planteavfall/kompost i kvart sokn, for å redusera transporten. Vi er blitt betre økologar ved at vi samarbeider enno betre med naturen!

NK



## Døyppte:

### Vik:

- 13.04.14. Alina Suksai  
Grønningen Hove, Rådal  
25.05.14. Daniel Lillehauge, Feios

### Vangsnes:

- 04.05.14. Tilda Halset, Vangsnes

### Fresvik:

- 04.05.14. Leah Alexandra  
Daltveit-Bøtun

## Uigde:

### 31.01.14. Vik kyrkje

Iveta Lilleøren  
og Tore Johan Lilleøren

### 03.05.14. Vangsnes kyrkje

Trine Midttun Hordnes og  
Vegard Midttun Hordnes,  
Straumsgrend

## Døde:

### Vik:

- 10.04.14.  
Trygve Larsen f. 1932  
14.04.14.  
Odd Arild Skagen f. 1947  
17.04.14.  
Klara Holstad f. 1929  
02.05.14.  
Anders O. Fosse f. 1928  
25.05.14.  
Ragna Johanne Stadheim f. 1918

### Arnafjord:

- 22.04.14.  
Margit Neset f. 1925

### Fresvik:

- 18.04.14.  
Bjarne Breilid f. 1920  
22.05.14.  
Aslak Solheim f. 1930

### Feios:

- 21.05.14.  
Teodora Helleland, Sogndal f. 1918

## 50ÅRS KONFIRMANTAR

Det er konfirmantar frå 1962 og 1963. Festen vart halden søndag 15.september med gudsteneste i Feios kyrkje v/ Jostein Skutlaberg, og festsamver i Feios ungdomshus etterpå.



*På biletet ser me Bjørn Grindedal, Olav Borlaug, Ingvar Rinde, Harald Samland, Helga Rinde Viland, Aslaug Tjønn Rinde, Hjørdis Tjønn Nygard og Erna Johanna Hove Andersen.*

## MINIKONFIRMANTAR

Minikonfirmantane i Arnafjord, Vangsnes og Vik har vore samla i Kyrkjestova fire gonger.

Siste helga i mars var dei på overnattingstur til Alværa Misjonscenter. Avslutninga vart lagt til Hopperstad stavkyrkje. Der var det gudsteneste med utdeling av diplomar, Kyrkjekaffi ute og pilgrims-løype i Kålhagenområdet. Det er Rut Solveig Netland og Jostein Skutlaberg som har vore ansvarleg for opplegget, men vi takkar alle foreldre som har stilt opp og hjelpt til på så mange måtar!

(meir om minikonfirmantane i neste nr.).



# NAMN OG NUMMER

**VIK KYRKJEKONTOR: 415 91 913**

## **KYRKJELEG TILSETTE:**

### **Kyrkjevevje**

Ingvar Vangsnes  
epost: ingvar.vangsnes@vik.kommune.no

## **TELEFONAR**

kontor 57 69 82 94  
bustad 57 69 75 36  
mobil 901 11 530

## **KONTORTID**

tysdag - fredag  
kl. 10.00 – 15.00

### **Sokneprest i Vik, Arnafjord og Vangsnes**

Jostein Skutlaberg  
epost: jostein.skutlaberg@vik.kommune.no

kontor 57 69 82 79  
mobil 404 66 937

### **Sokneprest i Feios og Fresvik**

Audun Systad  
epost: audu-sy@online.no

kontor 57 69 16 80  
bustad 57 69 11 55  
mobil 971 55 237

Balestrand på tysdag  
kl. 10.00 – 14.00

### **Kyrkjelydspedagog**

Rut Solveig Netland  
epost: klped@balestrand.kyrkja.no

kontor 57 69 82 91  
mobil 906 32 698

### **Kirsti Jelle Hopperstad**

epost: kirsti.jelle.hopperstad@vik.kommune.no

kontor 57 69 82 90  
mobil 911 01 653

onsdag og torsdag  
kl. 10.00 – 15.00

### **Hovudkyrkjetenar i alle kyrkjene**

Nils Kvamme

mobil 957 30 615

### **Kyrkjjetenar i Vik og Vangsnes**

Jonathan Nahayo  
Ragnar Hove

mobil 941 71 504  
mobil 404 17 088

### **Kyrkjjetenar i Arnafjord**

#### **Kyrkjjetenar i Feios**

Britt Inger Rinde Eikeland

mobil 908 39 156

#### **Kyrkjjetenar i Fresvik**

Henk van Nierop

mobil 918 70 581

#### **Organistar**

Lars Einar Bakketeig  
epost: las1@hotmail.no  
Inger Marit Hove  
epost: imh@skulaneivik.no

mobil 995 34 138  
bustad 57 67 83 34  
mobil 915 27 569  
bustad 57 69 59 59

**Stabsmøte kvar onsdag kl. 09.15 – 11.00. Kyrkjekontoret er då stengt.  
Når alle er ute i oppdrag, kan resepsjonen på Kommunehuset formidla kontakt**

## **ANDRE TELEFONAR**

Vik:	Reidunn Bolstad	tlf. 905 33 581
Arnafjord:	Camilla Zweidorff Hove	tlf. 957 39 867
Vangsnes:	Oddveig Fimreite	tlf. 971 98 740
Feios:	Gyda Tveit Lunde	tlf. 478 29 198
Fresvik:	Aud Hønsi	tlf. 482 50 638

## **VIK KYRKJELEGE FELLESRÅD:**

Leiar: Ola Engum tlf. 957 34 827

Vik kyrkje tlf. 57 69 56 20

Nummedal Gravferdsbyrå v/Arnfinn Nummedal tlf. 918 85 770

**Prestane sin beredskapstelefon 954 83 374 (utanom kvardagar kl.08-17)**

# VELKOMMEN TIL KYRKJE

<b>6.juli, 4.s. i treeining</b> Mark 10,17-27	<b>kl.12.00</b>	<b>Vikafjellsstemne</b> (sjå nærare kunngjering) Gudsteneste v/ J. O. Thaule. Ta med kaffi og mat.
<b>13.juli, 5.s. i treeining</b> Matt 7,15-20	<b>kl.12.00</b>	<b>Ute v/ Feios skule</b> Friluftsgudsteneste v/ J. Skutlaberg. Ta med noko å sitja på. Kyrjekaffi.
<b>20.juli, 6.s.treeining</b> Luk 5,1-11	<b>kl.11.00</b>	<b>Vik kyrkje</b> Gudsteneste v/ J. Skutlaberg. Nattverd Offer: Alværa Misjonscenter
	<b>Kl.16.00</b>	<b>Arnafjord kyrkje</b> Gudsteneste v/ J. Skutlaberg. Nattverd og Offer
<b>27.juli, 7.s.i treeining</b> 1.Mos 16,1-13	<b>kl.16.00</b>	<b>Vangsnes kyrkje</b> Gudsteneste v/ A. Systad
<b>29.juli, Olsok</b> Joh 12,24-26	<b>kl.18.00</b>	<b>Hove kyrkje</b> Olsokgudsteneste v/ A. Systad Offer: Kirkens SOS
<b>3.aug., 8.s.i treeining</b> Matt 6, 19-24	<b>kl.19.30</b>	<b>Fresvik kyrkje</b> Kveldsgudsteneste v/ A. Systad Nattverd
<b>10.aug., 9.s. i treeining</b> Matt 11,28-30	<b>kl.11.00</b>	<b>Feios kyrkje</b> Gudsteneste v/ vikar. Offer: Kyrkjelydsarbeidet
	<b>Kl.20.00</b>	<b>Vik kyrkje</b> Brorson-kveld v/ G. Hydle og Håvard Skaadel m.fl.
<b>17.aug., 10.s.i treeining</b> Luk 5, 27-32	<b>kl.19.00</b>	<b>Arnafjord kyrkje</b> Gudsteneste v/ A. Systad
<b>24.aug., 11.s.i treeining</b> Matt 23, 37-39	<b>kl.11.00</b>	<b>Vangsnes kyrkje</b> Gudsteneste v/ J. Skutlaberg Presentasjon av konfirmantane – utdeling Bibel 5.kl. Nattverd og Offer
	<b>Kl.16.00</b>	<b>Vik kyrkje</b> Gudsteneste v/ J. Skutlaberg Nattverd

**UTGJEVAR :** Sokneråda i Arnafjord, Feios, Fresvik, Vangsnes og Vik  
**TRYKK :** Ingvald Husabø Prenteverk a.s, 6863 Leikanger  
**BLADSTYRER :** Kirsti Jelle Hopperstad  
**KASSERAR :** Sylvi Nummedal  
**BLADPENGAR :** Kr. 150,- pr. år. Utanbygds kr. 200.-  
**BANKGIRONR :** 38003011558



## VELKOMMEN TIL KYRKJE

- |  |   |
|--|---|
| <p><b>31.aug., 12.s.i treeining kl.11.00</b><br/>Neh 9,19-21</p>   | <p><b>Sveastemne, Fresvik</b><br/>Fellesgudsteneste alle sokna i Vik v/ J. Skutlaberg<br/>Strengemusikken tek del.<br/>Offer: Frelsesarmeen</p> |
| <p><b>7.sept., 13.s.i treeining kl.11.00</b><br/>Matt 25,14-30</p> | <p><b>Vik kyrkje</b><br/>Gudsteneste v/ J. Skutlaberg<br/>Offer<br/>Presentasjon av konfirmantane</p>   |
| <p><b>14.sept., 14.s.i treeining kl.16.00</b><br/>Matt 20,1-16</p> | <p><b>Feios kyrkje</b><br/>Gudsteneste v/ J. Skutlaberg<br/>Nattverd<br/>Presentasjon av konfirmantane</p>                                      |
| <p><b>21.sept., 15.s.i treeining kl.11.00</b><br/>Matt 5,38-48</p> | <p><b>Arnafjord kyrkje</b><br/>Familiegudsteneste<br/>v/ J. Skutlaberg<br/>Presentasjon av konfirmantane<br/>Utdeling av 4- og 6-års bok</p>    |
|  | <p><b>Kl.16.00 Vangsnes kyrkje</b><br/>Familiegudsteneste<br/>v/ J. Skutlaberg<br/>Utdeling av CD 3 åring,<br/>4- og 6 års bok</p>              |
|  | <p><b>Kl.19.30 Salmekveld, Kyrkjestova</b><br/>Kveldsmat på Kyrkjestova.</p>  |

**Heimesida: [www.vik.kyrkja.no](http://www.vik.kyrkja.no)**

### KYRKJESKYSS:

**VIK:** Ring 482 27 500 seinast ein time før gudstenesta eller Vik kyrkjekontor 57 69 82 90 (innan fredag)

**VANGSNES:** Ring 917 13 596, Leif Audun Sætre - dagen før gudstenesta.

**FEIOS:** Ring 402 90 941, Linda Nedberge Sagerøy - dagen før gudstenesta.

**ARNAFJORD:** Ring 975 34 827, Ola Engum - dagen før gudstenesta.

**FRESVIK:** Ring 997 59 706, Jardar Bøtun - dagen før gudstenesta.